




Nissedal kommune
Rådmann



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref:
07/01116-2

Saksbeh:
Ketil O. Kiland, 35 04 84 02
ketil.kiland@nissedal.kommune.no

Arkivkode:
B0 &13

Dato:
18.10.2007

Formål for barnehagen og opplæringa - NOU 2007: 6 - høyring

Her følgjer særutskrift av kommunestyresak 057/06 som er Nissedal kommune sitt svar på høyringa for NOU 2007:6.

Med venleg helsing

Ketil O. Kiland
Rådmann

Kopi:
Utg.skriv
Saka



Nissedal kommune

Arkiv: B0 &13
Saksmappe: 07/01116-1
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 26.09.2007

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
057/07	Kommunestyret	11.10.07

Formål for barnehagen og opplæringa - NOU 2007: 6 - høyring

Dokument i saka:

S Formål for barnehagen og opplæringa - NOU 2007: 6 - høyring

Vedlegg:

Fakta i saka:

Bostadutvalet har levert si utgreiing om formål for framtida for barnehagen og opplæringa, NOU 2007:6.

Høyringsfristen er sett til 1. november 2007.

Vurdering:

Utgreiinga er omfattande og svært detaljert. Det har ikkje vore mogleg for rådmannen å få til ei fullstendig administrativ utgreiing der kommunen sine fagfolk har kunne vore med på saksførebuinga. Delevis av denne grunn, men og av omsyn til at dette rører ved sterkt politisk, religiøse og kulturelle oppfatningar, har eg avstått frå å kome med ei særskilt tilråding. Dette også utifrå at eg tykkjer utvalet har kome fram til eit svært heilskapleg konsensus, der eg ser at utvalet har prøvd å finne ein balanse som avspeglar at vi lever i eit moderne internasjonalt samfunn der vår eigen identitet og kultur er prøvd å ta vare på.

At nokon utifrå ein slik balansegang kan kjenne at ein er på veg til å gje slepp på viktig grunnverdiar i det norske samfunn finn eg naturleg, og at dette skaper debatt er sunt. Denne debatten bør i så fall kome i kommunestyret utan særskilt tilråding frå rådmannen.

Utvalsleiaren skriv:

Utvalget har nå har klart å komme fram til konsensus om formål for barnehagen og formål med opplæringen. Vi har strevd – og det har ikke vært lett. Utvalget har vært et minisamfunn som har diskutert seg frem til forslag vi mener det bør være gjenklang for i det store samfunnet. Selv om vi har ulikt ståsted og divergerende interesser, ja nettopp fordi vi er ulike, så har konsensus vært viktig for oss. Konsensus innebærer at de fleste er enige om det meste, og ikke at alle er enige i alt. Det er et godt utgangspunkt for dialog i et mangfoldig fellesskap.

Vi har hatt ulike prinsipielle utgangspunkt i denne prosessen, men vi har værtause

nok til å bevege oss noe fra det prinsipielle for å komme fram til formål som kan virke mest mulig samlende. Vi har forsøkt å ivareta egne interesser, men også å se sammenhenger og helhet i forhold mellom individ og samfunn, utdanning og dannelse, mangfold og likeverd, framtid og tradisjon. Vi har valgt å synliggjøre primærstandpunkter i innstillingen, nettopp for å vise at med vilje og evne til dialog og kompromiss kan man finne fram til samlende løsninger som anerkjenner uenighet innenfor rammen av en konsensus. Dette gir etter min mening utvalgets forslag styrket legitimitet og troverdighet.

En modernisering av formålene med barnehagen og grunnopplæringen innebærer å ta på alvor utfordringer og muligheter et moderne samfunn står overfor når det gjelder mangfold og pluralitet. Skal formålene gjenspeile mangfoldet i det norske samfunn, må respekt for uenighet og vilje til kompromiss forenes. Det er viktig å erkjenne at det er ulike syn på spørsmål knyttet til verdier, identitet, kultur, tro og livssyn. Slik er det i samfunnet, og slik har det vært i utvalget. I samfunn der mennesker med ulike religiøse, livssynsmessige, kulturelle og politiske anskuelser skal leve sammen, er det nødvendig med evne, mot og vilje til dialog – også om vanskelige og følsomme spørsmål knyttet til verdier og religion, kultur og identitet.

Samtidig vil vi understreke at formålsparagrafene inneholder langt mer enn bare verdier. Vi mener det er uheldig at opplæringslovens formålsparagraf primært er kjent som "den kristne formålsparagrafen" og at nær sagt all diskusjon om formålet dreier seg om ordet "kristen". Vi håper at utvalgets forslag bidrar til å dreie debatten om formålsparagrafene mer i retning av hva samfunnet vil med viktige samfunnsinstitusjoner som barnehage, skole og lærebedrift, og hva vi vil at våre barn skal få av omsorg, læring og erfaringer på veien mot voksenlivet.

Vi har opplevd stort engasjement og fått mange gode råd i løpet av dette arbeidet som nå har vart i henimot et år. Det har vært inspirerende, alvorlig og gledelig å få lede en slik prosess. Det er mitt håp at når vi har klart å komme fram til konsensus om en så viktig lovtekst, så vil også prosessen i etterkant kunne lede fram til et samlende resultat.

Gjeldande føremålsparagrafar i barnehagelova og opplæringslova

Barnehageloven § 1:1

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem.

Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier.

Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at andre ledd ikke skal gjelde.

Private barnehager og barnehager drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om livssynsformål.

Opplæringsloven § 1-2:

Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med å gi elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Den vidaregåande opplæringa skal ta sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, og hjelpe elevane, lærlingane og lærekandidatane i deira personlege utvikling. Den vidaregåande opplæringa skal vere med på å utvide kjennskapen til og forståinga av dei

kristne og humanistiske grunnverdiane, den nasjonale kulturarven vår, dei demokratiske ideane og den vitskaplege tenkjemåten og arbeidsmåten.

Opplæringa i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.

Opplæringa skal leggje eit grunnlag for vidare utdanning og for livslang læring og støtte opp under eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag og eit høgt kompetansenivå i folket.

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidat. Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar, lære kandidatar og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv. Alle som er knytte til skolen eller til lærebedriftene, skal arbeide for å hindre at elevar, lærlingar og lære kandidatar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

1 Utvalets forslag

Barnehageloven § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på respekt for menneskeverdet, på åndsfrihet, nestekjærighet, likeverd og solidaritet, slik disse grunnleggende verdiene kommer til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religioner og livssyn, og slik de er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på naturen og hverandre. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Opplæringsloven § 1-2:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt. Ho skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede,

engasjement og utforskartrøng. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad. Skolen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast. Skolen skal samarbeide med heimen.

På bakgrunn av eksisterande føremål for barnehagen og opplæringa og Bostadutvalet sitt forslag til endring meiner eg det er grunnlag for å kunne drøfte innhald og gjere seg opp ei oppfatning av konsekvensar slike endringar vil få. Eg har lista opp nokre synspunkt utvalet har gjort greie for i si utgreiing, men denne oppstillinga er på ingen måte uttømande. Eg har prøvd å ta med begrunningar endringsforslaga Bostadutvalet har foreslått. Eg oppmodar difor alle til å sjå nærare på sjølve utgreiinga, da eg som sakshandsamar lett kan ha kome i skade for å hatt fokus på endringar som ikkje alle er samde om at var dei mest vesentlege. Utgreiinga (NOU 2007:6) er lagt ut til gjennomsyn i resepsjonen på kommunehuset og finnes å lese på www.regjeringen.no.

Moment frå Bostadutvalet sine begrunningar for endringar i føremålsparagrafane for barnehagen og opplæringa:

Dei nordiske landa har ein annan tradisjon enn dei fleste andre europeiske land.

Utvalet ønskjer å vidareføre denne nordiske fellestradisjonen.

Dette omfattar ei felles forståing for at tilbod i barnehagen skal ha eit heilskapleg syn på barnet og ivareta læring, omsorg og oppdragning.

I nordisk samanheng er tilknytninga til kristne verdiar, etikk og moral løyst forskjellig. Ved sidan av Noreg er Island det einaste landet som har ein direkte referanse til ein bestemt religion i føremålsteksten.

Barnehagelova vart endra i 2005, ny rammeplan innført i 2006. Det har blitt gitt uttrykk for skepsis til å endre innhaldet i lova etter så kort tid.

Utvalet hadde relativt ulike prinsipielle utgangspunkt når det gjaldt føremåla sine verdigrunnlag, men har likevel kome fram til eit konsensusforslag, jf. forslag til endring av føremålsparagrafane.

Utvalet si oppfatning er at det er uheldig at opplæringslova sin føremålsparagraf primært er kjent som den "kristne føremålsparagrafen", og at nær sagt all diskusjon reduserast til å dreie seg om ordet "kristen". Dette har ført til at skular meir eller mindre har sett bort frå føremålet. Utvalet har ikkje motteke innspel som eksplisitt tar til orde for verdinøytrale føremål for barnehage og opplæring. Synspunkt om dette har ikkje dreia seg om verdigrunnlaget skal uttrykkast eller ikkje, men først og fremst dreia seg om verdiane skal forankrast, og i så høve i kva. Det er uttrykt bekymring for at føremåla skal gå for langt i sekulær retning, der religion og livssyn avgrensast til den private sfære.

Utvalet ønskjer å synleggjer at i Noreg er dei kristne og humanistiske tradisjonane vakse fram i ein kulturell kontekst.

Særleg om barnehage:

Utvalet har fått brei støtte for eit forslag til føremål for barnehagen som på mange måtar liknar føremålet til opplæringa, men som samtidig tydeleggjer og framhevar barnehagens eigenart.

Utvalet legg til grunn at foreldra har ansvaret for oppdraginga av sine barn. Barnehagen har eit breitt ansvarsområde, noko som føreset nær kontakt mellom heim og barnehage. Når uttrykket "danning" er nytta i konsensusforslaget er det fordi det etter utvalet sin oppfatning er eit vidare uttrykk enn oppdraging.

Utvalet har for barnehagen også vore opptatt av barn skal få utfolde skaparglede, gje rom for barna sine ulike perspektiv og opplevingsverden, ta vare på naturen og kvarandre, at føremålet også synleggjer at barnet skal få grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område og barn sin rett til medverknad.

Barna skal vidare møtast med tillit og respekt og barndommens eigenverdi synleggjerast. Barnehagen er ikkje ein del av opplæringsløpet, sjølv om barnehagen i sterkare grad enn før må sjåast i samanheng med skulen sin verksemd.

Utvalet har hatt som utgangspunkt at føremålsformuleringane i minst mogleg grad skal vere fleirtydige, og at det bare kan vere eit avgrensa rom for tolking.

Særleg om opplæring:

Opplæringa i skule og lærebedrift skal opne døra mot verda og framtida og gje historisk og kulturell innsikt.

Demokrati, likestilling og vitenskapleg tenkjemåte rører ved sentrale sider i opplæringa sitt innhald og institusjonen sine arbeidsformer og organisering.

Eleven skal tileigne seg kunnskap, ferdigheter og haldningar. Vidare legg utvalet vekt på at opplæringa ikkje bør vere reint instrumentell, men ha eit viktig dannelsesaspekt som bør synleggjerast i føremålet. I dette ligg det å gi rom for skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Utvalet legg vidare vekt på at eleven skal øve evne til kritisk tenking, etisk handling, økologisk ansvar, medansvar og medverknad.

Tilpassa opplæring er i prinsippet like viktig som før, men skal særskilt omtalast i opplæringslova og ikkje som ein del av føremålet.

Utvalet har foreslått eit eige ledd i føremålet som omtalar samarbeidet med heimen.

Det er ein føresetnad for utvalet sitt konsensusforslag at føremåla for barnehage, skule og lærebedrift er utforma i tråd med menneskerettslege krav.

Rådmannen si tilråding :

Nissedal kommune har drøfta endringar i føremål for barnehagen og opplæringa (NOU 2007:6). Nissedal kommune ønskjer å gje følgjande uttale:

Behandling i Kommunestyret 11.10.2007:

Krf. v/Bjarne Reime kom med framlegg slik:

- 1. Dei framlegga til nye føremålsparagrafer for barnehage og grunnskule som ligg føre, har i seg fleire gode og nyttige konkretiseringar i høve viktig verditenking kring barnehagen og grunnskolen si rolle.*
- 2. I utvalet sitt framlegg til §1 i barnehagelova blir det ganske klart gitt uttrykk for at borna sine behov skal ivaretakast i samarbeid og forståing med heimen. Dette samarbeidet må gjerast meir forpliktande også i opplæringslova sitt framlegg til §1. Like eins bør foreldra sitt ansvar for oppdraging og opplæring av egne born understrekast tydelegare.*
- 3. I båe framlegga til føremålsparagraf må forankringa i kristne og humanistiske verdiar kome klarare til uttrykk.*

AP v/Asbjørn Tveiten kom med framlegg slik:

Nissedal kommune har drøfta endringar i føremål for barnehagen og opplæringa (NOU 2007:6). Nissedal kommunestyre gjeng inn for utvalet sitt forslag i sin heilhet.

Votering:

9 røysta for framlegg frå AP v/Asbjørn Tveiten 7 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 11.10.2007:

Nissedal kommune har drøfta endringar i føremål for barnehagen og opplæringa (NOU 2007:6). Nissedal kommunestyre gjeng inn for utvalet sitt forslag i sin heilhet.